



Olaug Åsen har sytt for beplantninga ved Bautasteinen i meir enn 25 år.

**Bautasteinen er eit markant minnesmerke sentralt i bygda. På slutten av 1980-talet vart det opparbeidd eit blomsterbed for å pynta opp rundt steinen. Ungdomslaget tok på seg å halda det på stell, og i alle år etterpå har Olaug Åsen vore påpasseleg og har lagt ned ein imponerande innsats slik at det alltid har vore fint ved Bautasteinen.**

Bautasteinen vart reist i 1914 for å minnast hærmennene frå bygda som deltok i 7-årskrigen(1807-1814) då Danmark-Norge var i krig med England. Hundre år etter krigen vart altså steinen reist. Lenge stod det ein steinbenk inntil Bautasteinen, men det vart gjort lite for å halda det fint rundt den. Dette vart det ei endring på då det vart opparbeidd eit blomsterbed på slutten av 1980-talet. Truleg var det i 1988 då Uskedal ungdomslag var 100 år.





## Baksida av Bautasteinen.

Bjergulv Eik, Trygve A. Haugland, Kristian O. Bringedal og Magne Huglen (formann i UUL i jubileumsåret) deltok på dugnaden då det vart lagt ned elvestein, og bedet vart gjort klart. Bjergulv stilte med traktor. Ungdomslaget tok ansvar for planting og nødvendig stell. Olaug Åsen tok på seg denne oppgåva, og den har følgt henne fram til for kort tid sidan. Ho har gjort ein stor jobb når ho har skjøtta denne viktige bygdeoppgåva så påpasseleg og godt i meir enn 25 år. No har Uskedal Utvikling overteke ansvaret frå ungdomslaget medan Gro Hjelmeland (Gro's Blomster) har overteke stafettspinnen, som gjeld det praktiske arbeidet, frå Olaug. Dermed vert det også heilt sikkert fint ved Bautasteinen i åra framover.

I fjor, då det var 100 år sidan Bautasteinen vart reist, vart den høgtrykkspyla samstundes som skrifton på steinen vart friska opp att. Kåre K. Rød, Audun Eik og Bjergulv Eik gjorde dette.



Bautasteinen er eit markant minnesmerke sentralt i bygda. Tekst,

foto og nett: Thor Inge Døssland.